

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

12.12.2020

Vi har lært opp 165 nynorskpraktikantar og 56 prosent av dei arbeider i media. 41 prosent er i NRK. 10 prosent arbeider med avis/nett og to prosent i andre media. Vel 15 prosent arbeider med informasjon, språk og reklame.

I 2020 har tolv tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i media. Det er rekord. Sju i NRK og fem i aviser/nettavisar. NRK Nynorsk mediesenter er ein viktig grunn til at NRK kanskje klarer 25 prosent nynorsk også i år.

- Avgjerande for nynorskprosenten i NRK

I 2019 nådde NRK målet om minst 25 prosent nynorsk og vi arbeider for å klare det same i år. Språksjef Karoline Riise Kristiansen opplyser at november vart den beste nynorsk-månaden så langt i 2020 med 27,3 prosent nynorsk. Totalt for heile året, til og med november, gjekk nynorskprosenten opp til 24,2 prosent. Om den gode utviklinga held fram og vi set inn eit ekstra skippertak i desember, kan vi klare 25 prosent nynorsk også i 2020.



Språksjefen strekar under at stadige skippertak er ikkje løysinga for ein sunn og stabil nynorskdel i NRK. Vi skal tenke strategisk og sørge for strategiske gode løysingar slik at 25 prosent nynorsk ikkje blir ein kamp kvart einaste år.

- Nynorsk mediesenter er heilt avgjerande for nynorskprosenten i NRK, seier språksjefen i NRK, Karoline Riise Kristiansen. - Haldningane til NRKs språkkoppdrag og det nynorske språket spesielt som praktikantane tar med seg etter eit opphold i Førde, er grunnleggjande for det som formar dei som journalistar i ettertid. At dei kjem inn i medieverda med ei forståing for kor viktig eige språk og nynorsken er for journalistikken, godt plassert i ryggrada, er det ikkje berre NRK som nyter godt av, seier språksjefen i NRK, Karoline Riise Kristiansen.

Kull 33: - Stas å vere nynorskpraktikant

Dei er ferdige med opplæring og praksis i Førde til jul og svært klar for to månadar med ekstern praksis frå 4. januar. Per-Ivar Kvalsvik skal til NRK Møre og Romsdal. Der har han alt fått seg eit halvtårs vikariat frå 1. mars. Seline Larsen skal ha praksis i NRK Vestland i Førde og har fått to månadars vikariat der frå mars av. Lidvard Sandven skal ha praksis i NRK Vestland i Bergen. Eirin Tjoflot skal til NRK.no og Linn Haug Eide til innanriksredaksjonen i NRK Nyhende.



Per-Ivar Kvalsvik (1993): - Fire månader i Førde har vore hektisk, sosialt, lærerikt og veldig gøy! Eg har fått lære å vere både kreativ og kritisk på same tid. Det vert veldig spanande å hoppe ut av dei trygge rammene vi har her i Førde. Likevel er eg ganske trygg på at vi no har ballast nok til at det skal gå veldig bra. Magni og Rune overgjekk seg sjølv når dei plukka ut kull 33. Idretten i Sunnfjord kunne lære mykje av desse framifrå talentspeidarane.

Seline Larsen (1998): - Tida som praktikant har flydd av garde. Det har vore hektisk og intensivt, men mest av alt kjekt og spennande. Eg har fått vore med på mykje eg aldri hadde trudd at eg skulle oppleve. Eg har fått gode vener og arbeidd side om side med dyktige journalistar. No gler eg meg til ekstern praksis i Førde og er spent korleis tida etter mediesenteret kjem til å bli.

Linn Haug Eide (1994): - Eg syns det har vore stas å vere nynorskpraktikant. Det er utfordrande å lære journalistikk på den harde måten, men det har verkeleg vore effektivt. Det er kjekt å sjå tilbake på at vi praktikantane har levert mange gode saker til riksdekkande radio, TV og nett. I tillegg har eg fått gode vener som eg aldri kjem til å gløyme.

Lidvard Sandven (1996): - Denne hausten har vore det mest lærerike halvåret eg har opplevd nokon gong. Alt frå rettskriving og nynorskhistorie til innføring i NRK-systemet og journalistikk vart banka inn i løpet av kort tid. Eg føler at denne intensive perioden har gjort meg godt rusta og klar for livet i NRK og i journalistikken sin fantastiske verd generelt. Eg gler meg til å vise nye redaksjonar kva eg kan, og å alltid smette inn at eg gjekk på Nynorsk mediesenter uansett samtaleemne.

Eirin Tjoflot (1994): - Det har vore eit spanande halvår her i Førde.. Mykje å setja seg inn i, men det gjekk fort å læra seg verktøya som NRK nyttar. Suksessoppskrifta til mediesenteret er jo “å læra ved å gjera”, og nettopp det gjer at læringskurva er bratt. Me har blitt kasta ut i det meste, noko som kan vera nervepirrande - men desto kjekkare er det når ein får kjensla av at “dette gjekk jo fint”! Eg har lært å jobba sjølvstendig og ha trua på det eg leverer. Men samstundes også fått erfara korleis eit godt samarbeid gjev eit godt resultat.

Kull 34 klart

4. januar 2021 byrjar kull 34 på opplæringa i Førde. Der har vi lukkast med å få inn folk med nye yrkesbakgrunnar, med både ein sjukepleiar og ein elektrikar med på laget. Dette er kull 34:



Ingeborg Kløve-Graue

1994, frå Voss. Ho er utdanna sjukepleiar og har arbeidd tre år som det på Voss sjukehus og Haukeland sjukehus. Der har ho arbeidd både med generell sjukepleie og akuttmedisin. I haust har ho studert kreativ skriving og journalistikk ved Høyskolen Kristiania, i tillegg til ei fast nattevaktstilling på Haukeland.

Synne Sørenes

1994, frå Bømlo. Ho har ein master i sosialantropologi frå Universitetet i Bergen, i tillegg til studiar i spansk språk og kultur og amerikansk litteraturhistorie. Denne hausten tek ho praktisk-pedagogisk utdanning. I studietida har ho vore reporter i Bergen Student-TV, skrive nyhendesaker til nettsida og eit studenttidskrift.

Oddgeir Sæle

1991, frå Dalsfjorden i Volda. Han er elektrikar og arbeider som serviceingeniør i Asea Brown Boveri. Har reist mykje rundt om i verda og arbeidd med alt frå gasskraft til vindkraft. Fotografering er ein hobby og han studerer miljøsosiologi ved Universitetet i Bergen, ved sida av jobben.

Åshild Slåen

1995, frå Otta. Master i retorikk og språkleg kommunikasjon ved Universitetet i Oslo. Som student var ho aktiv i studentforeininga Kulturutvalet, og gjorde alt frå å leie debattar til å drive some-kontoar, ta skriveoppdrag og les korrektur. No ynskjer ho å lære seg journalistikk og drive med kommunikasjon som betyr noko for folk.

Martha Linnea Pukallus

1999, frå Førde. Frilansfotograf med ulike prosjekt og oppdrag. Ho gjekk media og kommunikasjon ved Hafstad vidaregåande skule og arbeidde jamsides det i ungdomsredaksjonen til avis Firda. Far hennar er frå Australia og familien har budd og vore mykje der.

Elias Håvarstein - handplukka til Stavanger Aftenblad

Hausten 2019 byrja ein kvikkas frå Randaberg i Rogaland som praktikant. Han hadde gått i den siste nynorskklassen på skulen der og lurde på om journalistikk kunne vere noko for han? Elias Håvarstein (1996) hadde eit openbert talent for å snakke med folk og ei sjeldan evne til å «gå gjennom ruta». Etter praktikantkurset har han arbeidd som vikar både i NRK Vestland i Bergen og NRK Rogaland.

No er han handplukka av Byas-redaksjonen i Stavanger Aftenblad som profil i deira podcast-satsing for ungdom. Dei hadde hørt han på lokalsendinga til NRK Rogaland og tenkt at der er han vi treng. Eit slikt høve kunne ikkje Elias Håvarstein la gå frå seg:

- Podkast er eit utruleg spanande og kult felt i media, så når eit høve som dette byr seg, er det berre å slå til! NRK og eg sest nok plutseleg igjen!



Årets unge talent - Elias Engevik, TV 2

Bergen Journalistlag har nyleg kåra fotojournalist Elias Engevik (1995) i TV 2 til «Årets unge talent». – Det var stort å bli nominert, og eg vart veldig overraska då eg fekk prisen! Eg er takknemleg for alle moglegheiter eg har fått, for alle dei dyktige menneska eg har rundt meg, og for dokke som fyrst satsa på meg! seier Elias Engevik.



Han var nynorskpraktikant i 2014/15, rett etter at han var ferdig med vidaregåande skule. Etter Nynorsk mediesenter tok han TV-utdanning på Lillehammer og vart tilsett som vikar i TV 2 i fjor. Juryen i Bergens Journalistlag seier mellom anna dette om prisvinnaren:

«Fotojournalist Elias Engevik kom til TV 2 med ein referanse frå NRK Innlandet som forklarte at dei berre ein gong tidlegare hadde hatt ein så dyktig student. Dermed satsa TV 2 på Elias, der han gjekk rett inn i eit vikariat. I TV 2 har Elias imponert. Det blir sagt at han leverer som om han skulle ha vore der i lange tider. Stikkord som trygg, nyfiken og med eit godt visuelt blikk blir brukt for å skildre arbeidet hans. Han leverer til ulike flater og til alle slags produksjonar».

Rekordår i faste jobbar

2020 vert eit rekordår når det gjeld faste jobbar til tidlegare nynorskpraktikantar. Fem har fått seg arbeid i aviser/nettavisar og sju i NRK. Fire ved distriktskontor og tre i riksredaksjonar i Oslo og Trondheim.



Vegard Tjørhom (1987, biletet t.v.) fekk fast jobb i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende på Marienlyst. **Espen Moe Breivik** (1992, biletet t.h.) som progamleiar/reporter i VGTV, **Hans Ivar Moss Kolseth** (1995) er journalist NRK Trøndelag, **Ida Yasin Andersen** (1992) i kultur og underhaldning, i NRK Nyhende. **Halvor Farsund Storvik** (1981), vart frontsjef i Sogn Avis. Han kom dit frå fast jobb i nettavisa Porten.no. Der fekk **Ola Weel Skram** (1991), fast jobb som digitalsjef/journalist. **Ingvild Eide Leirfall** (1993), er fast tilsett i nettavisa

Framtida.no i Oslo. **Solveig Nyhus Aksnes** (1995), journalist NRK Møre og Romsdal, **Arianrhod Engebø** (1994), er programleiar i NRK P3 i Trondheim, for sitt eige tittelprogrammet «Arian». **Bente Kjøllesdal** (1990) er journalist nettavisa Framtida.no, **Marte Iren Noreng Trøen** (1990), er vaktsjef for nett i NRK Innlandet, Lillehammer og **Elise Kvien** (1996), journalist NRK Vestland, Førde.

I tillegg til desse er **Eli Bjelland** (1981) nyleg fast tilsett ved NRK-kontoret på Stord. Ho har arbeidd mange år i nyhenderedaksjonen på Marienlyst. **Sølve Rydland** (1984) er fast tilsett som redaksjonssjef i NRK Vestland i Bergen, ein jobb han hadde vore vikar i lenge. Han har vore fast tilsett i NRK i mange år.

NRK Nynorsk mediesenter i framtida

Neste år skal det tilsettast ny leiar for NRK Nynorsk mediesenter, for då vert Magni Øvrebotten 67 år og pensjonist. Ho har vore leiar heilt sidan starten i 2004, og den nye må vere på plass i løpet av våren 2021.

Ved siste årsskifte vart Nynorsk mediesenter flytta organisatorisk frå Organisasjonsdivisjonen (ODIV) til Distriktsdivisjonen (DDIV) i NRK, og lagt i stab under region-redaktøren i Region Vest, Rune Møklebust.



I haust oppnemnde han eit utval som skulle utgreie NRK Nynorsk mediesenter i framtida. Rapporten vart levert 4. desember og skal behandlast i januar. Magni Øvrebotten (til høgre) var leiar for utvalet. Der var også dei to faglærarane i mediesenteret, Rune Fossum Lillesvangstu (til venstre) og Brit Jorunn Svanes (bak til høgre), saman med redaksjonssjef Linda Olin Reite og Noralv Pedersen (på skjermen i bakgrunnen) i NRK Vestland.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. desember 2020 har vi lært opp 165 nynorskpraktikantar, medrekna noverande kull. 56 prosent av dei arbeider i media. 41 prosent i NRK. 10 prosent i avisar/nettavisar og to prosent i andre media (TV 2, Radio 1). Utanom media arbeider vel 15 prosent med informasjon, språk og reklame.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Ekko i P2 og Kveldsåpent i NRK P1. Vidare er det tidlegare praktikantar ved NRK-kontora i Alta, Tromsø, Bodø, Trondheim, Ålesund, Førde, Bergen, Stavanger, Porsgrunn og Lillehammer.

Det er også journalistar herifrå som til dømes er nyhendeanker i TV2, nyhenderedaktør i Nationen, frontsjef i Vårt Land, og journalistar i VG, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Drammens Tidende og Telemarksavisa.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Valdirektoratet, Språkrådet, Barne- og familiedepartementet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølv hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 32: 6. januar – 30. juni 2020.



Sjur Mikael Dolve (1999) er tilkallingsvikar i NRK Vestland I Bergen og studerer journalistikk ved Universitetet. **Astrid-Amalie Heldal** (før Hetland, fødd 1999) studerer nordisk ved Universitetet i Oslo. **Trine Svanholm Misje** (1993) er vikar i innanriksredaksjonen og **Emily Louisa Millan Eide** (1993) i kultur og underholdning, begge i NRK Nyhende. **Guro Brattespe Lahus** (1993) er vikar i NRK Vestfold og Telemark i Porsgrunn.

Kull 31: 19. august 2019 – 29. februar 2020.



Elias Håvarstein (1996) er vikar i NRK Rogaland, **Oda Elise Svelstad** (1993) vikar i kultur og underholdning i NRK Nyhende, **Lars Volldal** (1987) frilansar, **Vilde Gjerde Lied** (1995) vikar i NRK Troms og Finnmark og **Hans Ivar Moss Kolseth** (1995) fast tilsett i NRK Trøndelag.

KULL 30: 3. januar – 30. juni 2019



Tonje Noreng Trøen (1992) frilansar i Førde, **Ragnhild Voreland** (1995) er presse- og informasjonsoffiser på Haakonsvern, **Idunn Lavik** (1995) vikar i NRK Direkte, **Ola Weel Skram** (1991) fast tilsett i Porten.no og **Magnus Helle** (1995) vikar i NRK Sport.

Kull 29: 20. august 2018 – 28. februar 2019



Ida Yasin Andersen (1992) er fast tilsett i kultur og underhaldning i NRK Nyhende, **Birgitte Vågnes Bakken** (1993) er vikar i NTB, **Elise Kvien** (1996) er fast tilsett i NRK Vestland i Førde. **Solveig Nyhus Aksnes** (1995) er fast tilsett i NRK Møre og Romsdal og **Ingvild Eide Leirfall** (1993) er fast tilsett som journalist i nettavis Framtida.no.

Kull 28: 3. januar – 30. juni 2018



Anders Martin Helle (1994) er frilansar i Drammensområdet, **Turid Astrid Reksten** (1983) er feltprest i Forsvaret. **Sigrid Sivertsen Haugan** (1994) kommunikasjonsrådgjevar for Bydelsmødre, ein organisasjon for brubygging mellom det offentlege og minoritetskvinner. **Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal** (1990) er fast tilsett journalist i Framtida.no. **Fredrik Johan Helland** (1990) er fast tilsett i NRK Vestland, i Førde.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Oslo og Viken i Oslo. Leiar: Iram Ansari.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Kjell Ove Nordeide.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjrarar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.